



Stad kommune

ORDENSREGLEMENT KOMMUNALE BUEININGAR I STAD KOMMUNE

KAPITTEL 1: INNLEIING

Dette reglement omhandlar bueiningar eigd av Stad kommune og regulerer forhold som ikkje er omtala i leigeavtala. Reglementet er eit tillegg til leigeavtalen.

Eigedom i Stad kommune eller den som givast myndigheit kan gje dispensasjon til fordel for leigetakarane frå alle punkt i dette reglementet.

Det visast også til Husleigelova av 26.mars 1999

KAPITTEL 2: ORDENSREGLER

2-1 RØYKING OG DYREHOLD

1. Røyking er ikkje tillate i Stad kommune sine bueiningar.
2. Dyrehald av einkvar art krev godkjenning av Stad kommune. Unntak gjevast for førerhunder.

2-2 RO OG ORDEN.

1. Kvar bebruar har eit sjølvstendig ansvar for ro og orden i bueininga. Ein skal ta omsyn til alle bebruarar og ikkje vere til sjenanse for disse.
2. Bebruarane skal gjensidig respektere kvarandre si arbeids- og nattero. Det skal vere ro både innandørs og utandørs måndag til torsdag samt søndag etter kl.23:00 og fredag/laurdag samt dager før heilagdagane etter kl. 24:00.

2-3 REGLAR FOR BUEININGENE

1. Kvar bebruar er ansvarlig for reinhald og orden i bueiningen. Tørking og lufting av tøy må ikkje foregå i fellesareal, eller på ein slik måte at det er til sjenanse for andre bebruarar.

2-4 REGLER FOR FELLESKJØKKEN/FELLESBAD/FELLESSTOVE

1. Bebruarar tilknytta felleskjøkken/fellesbad/fellesstove har ansvar for å holde det reint og ryddig, og har ei felles plikt til å varsle Stad kommune ved manglande reinhald. Stad kommune kan krevje at det blir etablert ein Ordensmannsordning.



2-5 REGLER FOR FELLESAREAL

1. Bebuarar tilknytta fellesareal har ansvaret for reinhold og orden i desse. Dersom Stad kommune finn at reinhold og orden i fellesareala ikkje er tilfredsstillande, kan Ordensmannsordning krevjast etablert.

2-6 PARKERING

1. Parkering skal skje på oppmerka plassar, i.h.h.t. skilting. Stad kommune vil sørge for at ulovleg parkerte biler blir fjerna for eigar si rekning.

2-8 FJERNING AV EIGENDELER OG SKROT

1. Stad kommune kan pålegge bebuarar å fjerne private eiendeler (bilvrak, søppel m.m.) som dei har satt frå seg på kommuna sin eigendom. Følger ikkje bebuarar pålegget, vil eigendelane bli fjerna for eigar si rekning.

2-9 STAD KOMMUNE SITT ANSVAR FOR BEBUAREN SINE EIENDELER.

1. Stad kommune har ikkje ansvar for private eigendelar som bebuar oppbevarer i bueiningen, med mindre tap av eller skade på desse skyldast forsømming frå Stad kommune, eller frå nokon som handlar på vegne av Stad kommune. Det anbefalast å teikne innbuforsikring.

KAPITTEL 3: UTLEIGARS ADGANG TIL BUEININGEN

3-1 INSPEKSJONER / VEDLIKEHOLDSARBEID

1. Dersom ein bebuar leverer skademelding, gjev leigaren samtidig Stad kommune adgang til bueiningen inntil skaden er utbetra. Utbetringa skal skje innanfor ei fornuftig tidsramme.

2. Inspeksjonar og vedlikehaldsarbeid skal varslast på førehand.

3. Inspeksjonar som ikkje krev varsel på forhånd:

a) Inspeksjonar ved mistanke om fare for liv og helse.

b) Inspeksjonar ved mistanke om alvorlege brot på leigeavtale og reglement

c) Inspeksjonar ved mistanke om alvorlege forhold eller mangler som krever akutt utbetring



Stad kommune

KAPITTEL 4: KLAGER. BROTT PÅ LEIGEAVTALE OG REGLEMENT

4-1 KLAGER

1. Klager på bebuarar eller besøkande rettast til Stad kommune som første instans.

4-2 RETT TIL Å GRIPE INN, FREMME OPPSIGELSESSAK M.M.

1. Stad kommune har rett til å gripe inn ved forstyrring av ro og orden og ved materielle øydeleggingar. Stad kommune kan forlange at forholdet blir retta og kan også bortvise personer som ikkje bur i bueininga. Alvorlege eller gjentatte brott på reglementet kan resultere i oppseiing eller at leigeavtalen blir heva.

2. Stad kommune har rett til å gripe inn og forlange forholdet retta ved materielle øydeleggingar eller vesentlig misleghald av reinhaldsreglane. Stad kommune kan i slike tilfeller tildele advarsel. Dersom forholdet ikkje blir retta, kan det føre til oppseiing eller heving av leigeavtala.

Stad kommune, Eigedom, 02.01.2020